

Ventar på lovlegvedtak

04.03.2010



Kva vil skje med skulen i Herøysund?

Formannskapet gjorde i dag samråystes det same vedtaket som komiteen for oppvekst, kultur og idrett - dei utsette saka om skulestrukturen til fylkesmannen har gjort lovlegkontrollen. Det var varaordførar Synnøve Handeland (V) som fremja utsettingsforslaget.

- Det er viktig at det formelle er på plass i ei så omfattande sak, sa ho.

Elisabeth Eide Taraldsen (Frp) var samd i dette, men Olto Benjaminson (Krf) var redd for at mykje tid ville gå tapt på denne måten og spurte om det ville vanskeleggjera planleggjingga. Kommunalsjef Kjell Nygård svara at administrasjon berre måtte tilpassa seg eit slikt vedtak.

Bjarne Berge (TS) var også for å venta på lovlegkontrollen, men han trudde den var like rundt hjørnet. Ellers var han svært betenkta over dei tala som no føreligg og spesielt ein kvadratmeterpris for ombyggjing på 23.000 kroner som er nesten dobbelt så mykje som prisen dei fekk presentert for berre stutt tid sidan - 13.047 kroner. Han stilte difor spørsmålet: Har vi hatt kompetente foilk på dette?

Berge minte også om at det blir arbeidd for ein privat skule i Bringedalsbygda og han rekna med at politikarane ville sjå positivt på eit slikt prosjekt. Han viste til utviklingen innan private prosjekter, særleg på barnehagesektoren og var for sterkare privatsatsing på enda fleire sektorar, til dømes innan omsorg.- Det er sunt at vi satsar både på offentlege og private institusjonar, heldt han fram.

Kommunalsjef Nygård sa om prisauken at den var basert på offisielle tal - sist på statistikken frå 4. kvartal. Han var som Berge betenkta og sa at 'vi er nesten plaga med Bergensprisar'.

Av Ola Matti Mathisen